



Møre og Romsdal fylke

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

KOMM. OG REG. DEP	
23 DES 2005	
05/2258-156	
Art.	451.0
Avd.	BB/ BY / EAT



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		FE: 2005/1132/AGHA/420.0	Åge Hammervik, 71 25 85 35	20.12.2005

Høyringsuttale - NOU 2005:12 Mer effektiv bygningslovgivning II

Møre og Romsdal fylke viser til oversending av Bygningslovutvalets andre utgreiing for uttale.

Fylket støtter i hovudsak utvalet sitt forslag til bygningsdel i ny plan- og bygningslov, men ønskjer likevel å kome med merknader til enkelte deler av utgreiinga.

1. Fylket sluttar seg til forslaget om ei kortfatta og overordna utforming av føremålsregelen i lova. Mange av dei omsyna som loven skal ta vare på vert fremma av ressurssterke personar og grupper med sterke interesser i den enkelte sak. Barn og unges interesser i byggesakene er ikkje utan vidare ivareteke av slike sterke grupper, og fylkets erfaring viser at barna sine oppvekstvilkår gjennomgåande vert for dårleg ivareteke i byggesakene. Dette gir grunn til å vidareføre barna sine oppvekstvilkår som eit særskilt framheva føremål med plan- og bygningslovgjevinga.
2. Fylket saknar ei utgreiing av eventuell overføring av kulturminnelova § 25 til plan- og bygningslova, og ei samordning av tidsfristane i kulturminnelova og plan- og bygningslova.
3. Fylket er i tvil om endringa av dispensasjonsregelen vil vere tilstrekkeleg for å hindre uheldig utbygging i strandsona og utanfor byggeområde i plan. Fylkets erfaring tilseier at problemet med utbygging av desse områda ikkje er knytt til utforminga av dispensasjonsregelen, men til den liberale bruken av denne regelen i kommunane. Dersom lovgivaren ikkje finn grunn til å endre avgjerdskompetansen i desse sakene, bør det gjerast klarare at det er teke sikte på ei innstramming i høve til dagens dispensasjonspraksis.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik
Ottar Brage Guttelvik

Idar Mølsæter
Idar Mølsæter
Plansamordnar